
HOVEDSAKEN

BORTFØRT

**Tre år gammel vart Thor bortført
av far til Mexico. Mange år seinare
fekk mor eit brev.**

AV

Kjersti Mjør og Marita Aarekol

(foto)

Publisert

03.okt. 2015 00:01

DEL

DEN UNGE, MØRKE MANNEN har reist i mange timar, heilt frå Mexico City, men det er først no, like før den siste, korte etappen, at nervane slår inn. Om få timar er han hos mor. Thor Antonio Garcia Osmo har ikkje møtt henne sidan han var tre år. Han hugsar henne ikkje.

På flyet til Bergen prøver han å sjå mor for seg. Han kan ikkje eit ord norsk, ho snakkar ikkje spansk. Vil dei finne tonen? Vil han klare å bli glad i henne som ei mor?

Ho står og trippar på Flesland saman med Marielle (13) og Benjamin (9). Sidan dei var små, har dei høyrte om den eldre halvbroren. Han som skulle kome så mange gonger, men aldri dukka opp. No er han i flyet som nettopp har landa på rullebanen. «Kjem du til å grine, mamma», spør Marielle.

Thor er nervøs og uroleg då han går ned trappa til ankomsthallen. Så skjer alt veldig fort. Han får så vidt tid å tenkje at «å, eg er her alt», før han forsvinn inn i armane og gledesårene til mamma.



Dette har Laila Osmo venta på i 15 år. Endeleg er han heime igjen, denne unge mannen, som ho kjenner så godt, og ikkje kjenner i det heile.

Ho klarar ikkje å sleppe taket.

FORHOLDET hadde vore turbulent i fleire år, fortel ho. Den siste krangelen ein septemberdag i 1999 var punktumet. Osmo pakka kofferten og reiste heim

til mor i Ålvik. Ho tok treåringen Thor med seg.

Få dagar seinare måtte Osmo, som var flyvertinne, ut på ei todagars arbeidsøkt. Ho ville at Thor skulle bu hos mormor så lenge, men barnefaren overtalte henne til å la sonen vere hos han, fortel ho. Når ho kom heim, skulle dei to setje seg ned som vaksne folk, og snakke saman.

Då Osmo kom tilbake, seint ein kveld, var huset på Eidsvågneset i Bergen mørkt. Skåpa var tømde, alle familiealbum borte.

Tanken slo ned i henne som eit lyn: «Dei er reiste til Mexico!»

Ho drog rett på politistasjonen for å melde eks-sambuaren for barnebortføring. Politiet overtalte henne til å la vere. Var det eigentleg så klokt, spurde dei. For alt ho visste, kunne det jo hende at dei berre besøkte vener i Bergen?

Etter eit par dagar ringde far til Thor. Frå Mexico. Ho kunne ta det heilt med ro, sa han, Thor kom heim igjen. Kanskje ho ville hente han i haustferien?

- Eg var så naiv. Eg trudde verkeleg at eg skulle få han heim igjen, seier Laila Osmo i dag.

HO FEKK IKKJE EIT GLIMT av Thor eingong. Turen til Mexico i oktober 1999 vart den første av mange bomturar. På hotellet venta Osmo i mange timar og dagar på barnet som aldri dukka opp. Alle avtalar vart utsette, så avlyste. Ho vart ført til eit kontor og forsøkt overtalt til å skrive under på spanske papir, men nekta.



Straks Osmo kom heim, gjekk ho til politiet. Ho vart forklart at ho måtte vere tolmodig. Mexico hadde underteikna Haag-konvensjonen. Der står det svart på kvitt at bortførte barn skal først tilbake til landet dei oppheldt seg i. Det var ei enkel utleveringssak.

Men berre på papiret. Alt stod i stampe. Osmo hadde engasjert advokat, men for å få Thor raskare heim, tok ho kontakt med ein privat etterforskar i januar 2000. Kort tid etterpå var dei to på veg til Mexico saman med søstera til Osmo. Trioen sette opp ei felle for far til Thor.

HAN HADDE NEKTA å opplyse kor Thor var, seier ho, men gått med på at Osmo kunne ringe farmora på eit avtalt tidspunkt. Då skulle han vere hos henne og ta telefonen. Men i staden køyrde dei tre dit bestemor budde, parkerte utanfor og venta.

Plutseleg ser dei Thor kome gåande på fortauet med far og farmor. Osmo går ut av bilen, trearingen spring mot henne, ho løftar han opp, han gir ikkje

slipp. Men far grip om den eine foten hans, farmor om den andre, og i neste sekund er guten innelåst i bestemorhuset.





Til slutt får ho kome inn og ta Thor på fanget. Å gå frå han den kvelden, seier Osmo, er det verste ho nokosinne har gjort. I bilen tek ho til å gråte ukontrollert. Tårene fossar. Men Thors far har forsikra henne om at ho får sjå sonen igjen neste dag.

I staden kjem Interpol til hotellet. Barnefaren har meldt dei tre nordmennene for kidnappingsforsøk. På politihuset blir dei avhøyrde, kvar for seg, av sjefen for Interpol i Mexico.

- Eg har aldri følt meg så liten i mitt liv, seier Osmo.

Same dag blir den norske privatetterforskeren eskortert til flyplassen av politiet. Søstrene Osmo kan bli, men tek ikkje sjansen i frykt for å bli arresterte. I all hast pakkar dei sakene og tek neste fly heim.

I 2003 STOD EI FORTVILT, men kampvillig mor fram i Bergens Tidende. For første gong fortalde Laila Osmo offentlig om sitt livs mareritt. Sidan har denne bortføringssaka vore ei av dei meste omtalte her i landet.

●●● SØNDAG/BERGEN OG OMEGN/ 2
12. JANUAR 2003 - BERGENSTIDENDE

Ikke sett sønnen på 3 år

Tre år gamle Thor Antonio ble bortført til Mexico av sin far. Etter tre år og 400.000 kroner i utgifter kjenner Laila Osmo seg sviktet både av Justisdepartementet og privatetterforsker



SÅRT SAVN:
- Jeg kikker på andre barn på samme alder og prøver å forestille meg ham, sier Laila Osmo. På veggen er sekuleringen Thor Antonio fortsatt tre år.

Harald Olsen.

KARI PEDERSEN
KNUF STRAND (foto)

kari.pedersen@bt.no

- Hvis noen hadde spurt meg om det er verdt pengene å bruke Harald Olsen, er svaret nei. Marusen har for mange jern i ilden. Spesielt etter at han involverte seg i Dreierad-saken, har han ikke hatt tid til å bry seg med min sak, sier Laika Osmo til Bergens Tidende.

- Når det gjelder Justisdepartementet, gikk det allfor lang tid før de ansvarlige innså alvoret i saken, sier hun.

Mareritt

Laika Osmos over tre år lange mareritt startet en septemberdag i 1999. På det tidspunkt var det ti år lange samlivet med en meksikansk statsborger i full gang med å strande.

Noen måneder før Thor Antonio kom til verden i 1996,



Til BT fortalte Osmo om den tredje turen til Mexico City. Året før skulle Thor tilbakeførast lovleg med heimel i Haag-konvensjonen. På det tidspunktet hadde Osmo møtt ein ny mann, Tom, og var gravid i åttande måned med Marielle.

Likevel sette ho og Tom seg på flyet. Ho hadde venta i over to år; denne gongen var ho så sikker at ho skreiv Thor inn i 1. klasse på Eidsvåg skole. Men igjen kom ho tomhendt heim. Thor og faren var ikkje på den oppgitte adressa i Mexico City.

BARNEFAREN GJEKK TIL SAK like etter for å få foreldreretten i Mexico.

Skuldingane hans mot Osmo var sterke. Ho skreiv eit tilsva via Justisdepartementet, som aldri vart sendt vidare, og ante ingenting då saka kom opp i meksikansk rett i 2002. Far vann, og Mexico avslutta Haag-saka. På feil grunnlag.

- Å gjenopne saka tok oss fleire år. Meksikanske styresmakter innrømte feilen til slutt, men vi mista mykje tid. Stadig nye saksbehandlarar, både norske og meksikanske, tok også masse energi. Utan Tom hadde eg ikkje takla det. Han har vore fantastisk, seier Osmo.

Både heimbygda Ålvik og kollegaer i SAS samla inn pengar for å hjelpe Osmo. Berre dei tre første åra hadde ho utgifter på 400.000 kroner. Osmo sa til BT at ho følte seg svikta både av privatetterforskaren og departementet, men var like inderleg overbevist:

Thor kom heim før sommaren var over.



MOR TOK VARE PÅ alle minne frå Thors første år i ei stor plastskuffe. Dåpskjolen, dei første gummistøvlane, smokkane, leikene. På nattbordet hennar låg den vesle, blanke krossen han fekk til den katolske dåpen i Mexico City i 1997.

Ho strikka små plagg, som han aldri fekk, og kjøpte nye klede kvart år til guten som snart skulle kome heim. I mange år skreiv ho brev og sende presangar til bursdagar og jul. Men ho visste aldri sikkert kva adresse Thor budde på. Pakkar kom i retur, og Osmo forstod etter kvart at heller ikkje breva nådde fram til han dei var skrivne til.

Åra kom og gjekk utan Thor. Ho levde etter kvart eit tilnærma normalt familieliv med Tom og Marielle, men fekk ikkje fred i sjela. Laila Osmo hadde eitt barn for lite.



To gonger klaga ho saka inn for Haag-sekretariatet, og i 2006 reiste ho til Mexico for sjuande og siste gong. No låg Benjamin i magen.

Med på flyet var ein ny privatetterforskar og eit TV-team frå «Savnet»-serien på TVNorge. Dei klarte å spore opp eks-sambuaren til Osmo, og fekk meksikansk rett til å ta saka opp på nytt, men ein dommar varsla skulen til

Thor.

Igjen var far og son sporlaust borte.

**- HÅPET HELDT MEG OPPE. EG
TRUDDE HEILE TIDA AT THOR
KOM TIL Å TA KONTAKT. OG DET
GJORDE HAN.**

LAILA OSMO

**Fakta: barnebortføring
til og frå Noreg**

**I første halvår i 2015 er 24 barn
registrert bortført til utlandet,
og 8 barn bortført frå utlandet.**

**I åra 2005-2014 var det
registrert 334
barnebortføringssaker til
utlandet. 42 av desse pågår**

enno.

I same periode vart det registrert 158 bortføringssaker til Noreg. 7 pågår framleis.

Kilde: regjeringen.no

I KJØLVATNET av TV-programmet eskalerte mediekrigen. Barnefaren raste. Han avviste at han gøymde seg og guten. Han sa det var skam at norske journalistar ukritisk refererte mors versjon, og sette livet til eit barn i fare for å lage underhaldning.

Også Thor var blitt vant til journalistar. Til ei meksikansk avis sa tiåringen sa at han ikkje ville reddast tilbake til Noreg. Thor bad om å få leve eit vanleg liv med far.

Mors siste krampetrekning før han fylte 16 år, var ein søknad om samværsrett. Barnefaren bad om at rettsmøtet vart utsett, og då saka skulle opp igjen i juni 2012, var det for seint. Thor hadde fylt 16 nokre veker før.

Dermed vart også Haag-saka avslutta, og Osmo var i sitt siste møte med Justisdepartementet.

Ho hadde prøvd alt, utan resultat. Det einaste ho hadde igjen, var håpet.

- Eg visste at Thor var der ute. Eg tenkte at når han vart eldre og kanskje fekk familie sjølv, ville han forstå korleis det er å miste eit barn. Om ikkje anna, ville eg kanskje få vere bestemor. Håpet heldt meg oppe. Eg trudde heile tida

at Thor kom til å ta kontakt. Og det gjorde han.



HAN VAR HALVT NORSK, men kjende berre sitt meksikanske opphav og heimland. Han hadde ikkje eit einaste minne frå sine tre første år i Noreg. Thor Antonio Garcia Osmo såg for seg fødelandet som eit slags Hans og Grete-eventyr; eit sagaland med fjell og troll og evig snø.

Thor hadde ein god barndom, seier han, som samtidig var spesiell. Så langt tilbake han kan hugse, har han skjønt at familiesituasjonen var komplisert.

- Eg kjende ikkje detaljane, men skjønnte konteksten. Eg forstod at kontakten

mellom mor og far var vanskeleg og kompleks, og at det hadde utvikla seg til ei sak mellom norske og meksikanske styresmakter. Eg vart ofte intervjuet av journalistar, særleg i tida rundt det norske TV-programmet. På eit vis skjønte eg at eg ikkje kunne treffe mor, men eg forstod også at ho gjerne ville ha meg, seier Thor.

- Spurde du far om mamma og Noreg?

d





- Eg hadde ingen minne. Eg visste ikkje kva eg skulle spørje om.

THOR VAR NETTOPP fylt 16 år då han skreiv til mor første gong.

- Det var ein stor ting for meg. Kva skulle eg skrive, kor skulle eg begynne? Eg tenkte mykje på alt som hadde skjedd. Eg kunne ikkje forandre det, men eg kunne begynne på nytt. Eg ønskte å få eit like godt forhold til mor som til resten av familien, og bestemte meg for at det var på tide å opne denne delen av livet mitt.

Den første kontakten var skjør og famlande. Mor, som hadde vore så overlykkeleg for det første livsteiknet, vart frustrert og lei seg. Ho opplevde at Thor gav henne skulda for 15 års fråvær. Til slutt skreiv ho at ho var lei stempelet som syndebukk.

Det vart stille. Lenge. Thor svarte ikkje. Mor trudde ho hadde øydelagt alt. At ho hadde mista han igjen.

Då det endeleg kom epost frå Mexico igjen, var tonen ein heilt annan, og etter kvart opna Thor seg meir og meir. Mor og son tok til å føle seg trygge på kvarandre.

Men då ho venta på den første Skype- samtalen, var ho så nervøs at ho knapt visst kva fot ho skulle stå på.

- Finally, you called. Du var så nydeleg, og eg så stolt over at denne vaksne, vakre guten var sonen min. Eg sat berre og såg og såg på deg. Det var nesten absurd, men du snakka og snakka, så det gjekk fint. It was fantastic, seier mor og ser på den mørkhåra sonen.

**- EG VISSTE AT THOR VAR DER
UTE. EG TENKTE AT NÅR HAN
VART ELDRE OG KANSKJE FEKK
FAMILIE SJØLV, VILLE HAN
FORSTÅ KORLEIS DET ER Å
MISTE EIT BARN.**

LAILA OSMO

HAN SIT VED SIDAN av henne i den grå sofaen på Eidsvågneset, i det same huset han budde i som lite barn. Her tok Thor sine første skritt, her sa han sine første ord. No er Thor på besøk for tredje gong på eitt år.

- Eg trudde at det ville følest rart, at eg ville vere ein framand, men eg kjende meg heime frå første dag.



MINNEN
Thor og mor snakkar engelsk saman. Mor plukkar ein nydeleg, men ubrukt klesplagg. Thor får sjå alt mor tok vare på i åra utan han. Så rart å tenkje på at alt dette var mitt, seier han.

- See, I made this for you! I knitted while thinking of you.

19-åringen studerer maskene i grått og kvitt. Den vesle genseren vart strikka til Thor, fire år, som ikkje kom likevel.

Han ser på lakkskorne han brukte til bunaden på 17. mai, og på strikkesettet han kom heim i, frå fødeklirikken på Voss. Han viser oss ein video av Vangsvatnet.

- Tenk at eg er fødd der, seier Thor fascinert.



SAMANHANNGANG: Thor Antonio Garcia Osmo seg heime hos mor og resten av familien på Eidsvåg. Han blir gjennom «Runaway bunny»; eit eventyr om ein liten kanin som rømmer frå mamma, men kjem heim igjen når det blir kveld. Ein gong var det yndlingsboka hans.

Plastskuffa rommar ei historie han ikkje har visst om; hans eiga historie.

- Det er som å dra tilbake i tid. Så rart å tenkje på at dette var mitt.

MOR FINN FRAM FOTOGRAFI ho fekk av slekt og vener etter at Thor forsvann i 1999 saman med albuma. Dei blar i bilde frå den første, fine tida. Nyfødde Thor i mors armar. Ho er 28 år og strålar. Vesle Thor, i snøen, med nisselue, i vippestol, i Ålvik på fanget til besta.

Kontrasten mellom Hardanger, Bergen og oppveksten i Mexico City, ein av dei største byane i verda, verkar med eitt så stor.

- Eg trur eg hadde vore ein annan om eg hadde vokse opp her. Eg hadde hatt andre erfaringar, møtt andre menneske, hatt andre vener, seier Thor.

- Ja, men sjølv om du har vokse opp hos far, ser eg mykje av meg i deg, seier mor.

- Korleis vil du beskrive guten du fekk heim?

in



- Som snill, veloppdragen og trygg, og veldig kjærleg. Det er ingen tvil om at han har hatt ein god oppvekst. Thor er pertentleg og ryddig, som då han var liten. Nåde den som skapte uorden når han hadde stilt opp bilane sine. Og han elsker brunost og Mills kaviar!

- I love komla too, kjem det frå sofaen.

**- EG ØNSKTE Å FÅ EIT LIKE
GODT FORHOLD TIL MOR SOM
TIL RESTEN AV FAMILIEN, OG
BESTEMTE MEG FOR AT DET VAR
PÅ TIDE Å OPNE DENNE DELEN
AV LIVET MITT.**

THOR ANTONIO GARCIA OSMO





THOR ER EINEBARN i Mexico City. I Bergen er han del av ein søskenflokk på tre. Storebrorinstinktet slo inn alt på flyplassen. No har niåringen Benjamin fått ein bror som følgjer han til skulen, og som heiar på han og Eidsvåg når det er fotballkamp.

Så langt tilbake Marielle kan hugse, har ho visst at dei mangla éin i familien.

- No er han endelig her. Det er både veldig fint og rart. Eg blir nok meir vant til det etter kvart, seier 13-åringen.

- Korleis er han?

- Veldig snill og ordentleg, og som ein bror.

THOR HAR ARTISTDRAUMAR. Han har alt gitt ut ein CD og jobbar med

neste. På den oransje Samsung'en spelar han av ein ny song. Ein song om kjærleik. 19-åringen, med artistnamnet Titroy, omset den spanske teksten til engelsk. «I told you I would be here, and look, here I am ...»

- Det nye albumet blir meir globalt. Berre tre spor er på spansk. Resten er på engelsk, slik at mor også kan forstå kva eg syng, seier han.

- Føler du deg litt norsk?



- Ja. Sjølv om eg ikkje har budd her, skjønner eg at eg er ein del av denne familien og dette landet. Eg vil lære norsk. Det høyrer til livet mitt og kulturen min.

- Kva seier far til at du er her?

- Han støttar det.

- Opplever du at du er i ein lojalitetskonflikt?

- Eg krev ikkje at foreldra mine må like kvarandre, men dei må respektere at eg er glad i begge. Mykje skjedde som ikkje skulle skjedd, men eg er lykkeleg. Brikkene i livet mitt har falle på plass. No får eg det beste av både mor og far og vil berre sjå framover.

Mor ser på han, lenge. Det er som om det enno ikkje heilt har gått opp for henne at ho har fått Thor tilbake. Ho tek seg stadig i å vere redd for å miste han igjen.

**- SJØLV OM EG IKKJE HAR
BUDD HER, SKJØNNAR EG AT EG
ER EIN DEL AV DENNE FAMILIEN
OG DETTE LANDET. EG VIL LÆRE
NORSK.**

THOR ANTONIO GARCIA OSMO

HISTORIA TIL LAILA OSMO er ikkje unik. Kvart år går mange foreldre gjennom det same marerittet. Berre i løpet av første halvår i år vart 32 barn bortførte til og frå Noreg. I juni i år la regjeringa fram forslag om raskare behandling av internasjonale barnebortføringsaker.

- Mange er i same situasjon som eg var. Eg fortel mi historie for å gi andre foreldre håp, seier Laila Osmo.

- Går det an å ta tilbake 15 tapte år?

- Nei, det er umogleg. Eg kan ikkje ta Thor på fanget, lese eventyr eller syngje godnattsongar. Eg kan ikkje halde han i handa. Eg gjekk glipp av barndommen hans, og fekk Thor tilbake som ung mann. Men det er så mykje anna vi kan gjere, og vi er flinke til å gi kvarandre ein klem. Eg beundrar Thors evne til å sjå framover, og la fortida vere.

- Er du bitter?

- Eg har mykje sinne i meg, og klarar aldri å tilgi at eg vart nekta all kontakt i så mange år. Men eg kjem aldri til å seie eitt stygt ord til Thor om far hans. Eg har fått barnet mitt tilbake. Eg kunne ikkje be om meir.





Faren: - Eg gøymde ikkje Thor

I EIN E-POST har Marco Garcia svart på ei rekkje spørsmål frå BTMagasinet om kvifor han tok sonen med til Mexico City, og om kvifor mor ikkje har fått ha kontakt med sonen på 15 år.

Garcia omtalar seg sjølv som ein svært god far. Sonen har hatt ein god barndom, skriv han, gått på prestisjefylte privatskular og reist jorda rundt. Garcia hevdar at alt han har gjort i konflikten som gjeld Thor, har vore

innanfor meksikansk lov, og at han ikkje angrar på noko av det han sjølv har gjort.

- Eg er ein uskuldig far som har gjort det eg kunne for å beskytte sonen min, skriv Garcia.

Garcia hevdar at Osmo og han i september 1999 vart samde om at Thor skulle gå i barnehage i Mexico City; ein påstand Osmo stiller seg uforståande til. Derfor tok han sonen med seg og reiste, fortel han. Garcia skriv at det var uaktuelt å returnere.

- Eg hadde ikkje mi permanente adresse i Noreg, forklarar Garcia.

AT OSMO ALDRI fekk vite kva adresse sonen budde på i Mexico City, forklarar Garcia med at Osmo søkte dårleg juridisk hjelp i Noreg. Han siktar mellom anna til den private etterforskaren Osmo engasjerte i 2000. Garcia hevdar at etterforskaren tok seg godt betalt for å kidnappe barn frå heile verda tilbake til Noreg, utan rettsleg grunnlag.

- Då etterforskaren kom hit på turistvisum, visste våre styresmakter så mykje om hans metodar at alarmen gjekk. Politisjefen bad han om å forlate landet same dag.

Meksikanske styresmakter hadde rådd Garcia til å beskytte sonen mot slike tredjepartar, skriv han, og som far måtte han verne om Thor.

- Eg gøymde altså ikkje Thor, men følgde det offisielle rådet, skriv Garcia.

Garcia er også svært kritisk til «Savnet»-programmet som TVNorge laga i 2006. Alt var bygd på ei løgn, skriv han, TV-teamet omtalte Thor som sakna,

men visste kva skule guten gjekk på. Garcia hevdar at målet med reportasjeturen til Mexico var å kidnappe Thor på skulen. Garcia opplyser at rektor varsla han straks han fekk nyss om kva som var i ferd med å skje.

Garcia hevdar dessutan at TVNorge nekta han å fortelje sin versjon.

- Derfor innkalla vi amerikanske og meksikanske medium til pressekonferanse: Vi ville vise verda kor lågt ein TV-stasjon kan falle, skriv han.

- **DESSE PÅSTANDANE** har Garcia sett fram før, og vi har svart på dei før, seier Hanne McBride, mediesjef i TVNorge og Discovery Networks,

- Men vi understrekar gjerne igjen at målet med å lage TV-programmet ikkje var kidnapping. «Savnet»-redaksjonen spora opp Garcia og sonen, og gav Garcia tilbod om å fortelje sin versjon. Det takka han nei til.

DEL ARTIKKEL